

# **RETNINGSLINER FOR FORVALTING AV DESENTRALISERT ORDNING FOR TILSKOT TIL KULTURBYGG**

**Fastsette av Kulturdepartementet og gjeld fra 1. januar 2010**

## **1 FORMÅL**

Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningars og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

## **2 VILKÅR FOR TILSKOT**

Lokala må vera planlagde ut frå definerte behov og bør vera fleksible. Kulturhusa bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.

Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

### **2.1 Utforming**

Bygg som mottek tilskott skal utførast i samsvar med dei til kvar tid gjeldande føresegner i plan- og bygningslova, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningslova.

Fylkeskommunen må medverka til at bygga vert føremålstenlege ut frå formåla for prosjekta.

#### *2.1.1 Kvalitetssikring av planane*

Planane må kvalitetssikrast med omsyn til funksjonalitet. Fylkeskommunane må i kvalitetssikringa av planane innhenta uttale frå relevant fagleg hald med mindre fylkeskommunen har slik kompetanse. Riksteatret kan kontaktast i kvalitetssikringa av planar om scenekunstlokale.

#### *2.1.2 Universell utforming*

Kulturlokala eller -arenaene som mottek tilskot skal vera universelt utforma i samsvar med plan- og bygningslova og forskrifter til denne, sjå Forskrift om tekniske krav til

byggverk (Byggteknisk forskrift). Dette gjeld både tilskott til nybygging og til ombygging.

### *2.1.3 Arkitektonisk utforming*

Kulturbygget eller utendørsarenaen må få ei god arkitektonisk utforming<sup>1</sup> i samsvar med bygningens eller arenaens funksjon og etter reglar gjevne i plan- og bygningslova.

## **2.2 Tryggleik**

Kulturbygg som mottek tilskot skal nyttast til kulturføremål i minst 20 år etter at midlane er utbetalte. Fylkeskommunane må syta for tilstrekkeleg tryggleik for tilskotet i denne perioden. Dette kan ein gjera ved krav om at søkerar eksplisitt plikter seg til å stilla lokala til disposisjon for kulturføremål i 20 år. Av fylkeskommunenes retningslinjer kan det gå fram at bruksendring til anna enn kulturføremål ikkje kan skje utan skriftleg førehandsgodkjenning frå fylkeskommunen.

## **2.3 Tilskotsatser**

Tilskot kan utgjera inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygget. For søkerar som har krav på refusjon av meirverdiavgift skal tilskotsdelen på 1/3 rekna ut frå prosjektkostnadene etter at meirverdiavgifta er trekt frå.

Dersom kulturbygget er samlokalisert med andre verksemder, skal ein dela kostnadene til fellesareal og sambruksareal.

## **2.4 Vilkår fastsette av fylkeskommunane**

I tillegg til dei andre punkta i desse retningslinene skal den enkelte fylkeskommune fastsetja nærmere vilkår for søknader om tilskot, mellom anna:

- opplysningar om funksjon, aktivitetar, behovsunderlag og søker
- teikningar med tilhøyrande framstilling av prosjektet
- prosjektbudsjett, med avsetjingar til kunst, uvisse og reserve
- dokumentasjon av gjennomførings- og fullfinansieringsansvar
- framdriftsplan
- finansieringsplan
- eigeansvar etter at tiltaket er ferdigstilt
- driftsfinansiering og plan for forvaltning, drift og vedlikehald.

Søknadene må innehalda dei opplysningane som er naudsynte for at fylkeskommunane skal kunna oppfylla rapporteringskrava under pkt. 6 i desse retningslinene.

## **3 KUNNGJERING OG SØKNADSFRISTER**

---

<sup>1</sup> Omgrepet «god arkitektonisk utforming» er eit samleomgrep for integrering av visuelle kvalitetar, brukbarheit, funksjonalitet og universell utforming. Omgrepet omhandlar såleis ikkje berre utsjåna, men alle element i plan- og bygningslova som skal balanserast mot kvarandre for å få ein tilfredsstillande heilskap både ved prosjektering og utføring.

Fylkeskommunane skal kunngjera at ein kan søkja om tilskot frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg. Den enkelte fylkeskommunes retningsliner for ordninga skal gjerast tilgjengelege for potensielle søkerar.

Søknadene skal fremjast gjennom den kommunen der bygget skal liggja.

Fylkeskommunane fastsett frist for kommunanes innsending av prioriterte innstillingar av søknader. Kommunane fastset søknadsfrist i eigen kommune.

#### **4 RETT TIL KLAGA**

Forvaltningslova § 28 andre ledd gjev søkerar rett til å klaga på enkeltvedtak. Vedtaket kan klagast til det forvaltingsorganet som er nærmest overordna det forvaltingsorganet som har fatta vedtaket. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak fatta av fylkeskommunane i saker om forvaltinga av denne ordninga. I fylkeskommunanes underretning til søkerane om vedtak skal det mellom anna gjevast opplysningar om høve til klage og klagefrist, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

#### **5 UTBETALING**

Departementet utbetaler midlane til fylkeskommunane. Dersom fylkeskommunane har sendt rapport til departementet i samsvar med pkt. 6 i desse retningslinene, vil avsetjinga av spelemidlane til den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg (heretter nemnd "totalbeløpet") bli delt mellom fylkeskommunane etter folketal (60 % av totalbeløpet), areal (5 % av totalbeløpet) og ei lik fordeling til alle fylkeskommunane tilsvarande 35 % av totalbeløpet. Manglande rapportering frå året før eller rapportar utan relevant grunngjeving for inneståande beløp per 31. desember i rapporteringsåret kan vera grunnlag for omfordeling til andre fylkeskommunar.

Fylkeskommunane skal setja midlane inn på rentebærande konto, og utbetala til prosjekt i samsvar med framdrift og likviditetsbehov. Sluttutbetaling skal skje etter at ferdigattest og revidert rekneskap er sende inn. Inntil revidert rekneskap ligg føre, skal fylkeskommunane halda tilbake minst 10 % av tilskotet.

Tilsegn om tilskot kan gjelde i inntil tre år frå underretninga om vedtaket er gjeven til søkeren. Med mindre søkeren har bede om utbetaling av tilskotet i samsvar med dokumentert framdrift og likviditetsbehov innan tre år etter underretninga, bortfell tilsegna.

Renter og inndregne midlar skal nyttast til føremålet for tilskotsordninga.

## **6 RAPPORTERING TIL DEPARTEMENTET INNAN 1. APRIL**

Fylkeskommunane skal utarbeida årsrapport for 2010 og seinare år over dei enkelte tilsegnene og utbetalte summar fordelte på kvart prosjekt. Rapporten skal også innehalda oversyn over følgjande summar for rapporteringsåret:

- inneståande midlar per 1. januar
- tildelte midlar frå Kulturdepartementet
- renter i perioden 1. januar til 31. desember
- eventuelle tilbakebetalingar i rapporteringsåret
- summen av utbetalte tilskot
- inneståande midlar per 31. desember.

Tala skal stadfestast av fylkesrevisjonen. Dersom inneståande midlar per 31. desember er meir enn 2 mill. kroner, skal dette grunngjevast. Relevant grunngjeving kan vera at tilskot ikkje er utbetalte fordi prosjekt som har fått tilsegn, ikkje har tilstrekkeleg framdrift eller likviditetsbehov, eller at midlar vert haldne tilbake i påvente av revidert rekneskap og sluttutbetaling. Fylkeskommunane kan setja av midlar til planlagde kulturbrygg som ikkje er sette i gang. Det er derimot ikkje relevant grunngjeving at midlar vert sparte opp til framtidig uspesifisert kulturbrygg. Skjema for denne delen av rapporteringa vil verta sendt i elektronisk versjon til kontaktpersonar i fylkeskommunane, jf. omtale under om elektronisk rapportering.

Departementet har behov for statistikk over bruken av spelemidlane. Oversynet over dei enkelte prosjekta som har fått tilskot frå desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg skal innehalda følgjande opplysningar:

- samla tilsegn
- utbetalte tilskot i rapporteringsåret
- om tiltaket gjeld a) nybygg, b) påbygg/tilbygg, c) ombygging/modernisering av eksisterande kulturbrygning, d) ombygging av annen eksisterande bygning til kulturføremål eller e) utearena.
- om tiltaket gjeld a) allment kulturhus/fleirbrukslokale som b) bibliotek, c) bygg for museum eller andre kulturverntiltak, d) teater, e) konsertsal, f) galleri, g) kino eller h) andre lokale for kulturell verksemd.

Dersom tiltaket er samlokalisert med anna verksemd, skal ein opplysa om det er samlokalisert med a) skule, b) omsorgssenter, c) hotell eller anna overnatningsverksemd, d) kommunal administrasjon eller e) anna verksemd.

Opplegget for elektronisk rapportering går fram av [heimesida](#) Vår.

Rapporten skal sendast i elektronisk versjon til Kulturdepartementet. Årsrapporten som er stadfestat av fylkesrevisjonen skal i tillegg sendast i papirversjon. Skjema for årsrapporten er lagd på KUDs heimeside. Oversynet over dei einskilde prosjekta kan utarbeidast gjennom [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no) eller på skjema frå KUDs heimeside.

Rapporten skal sendast til departementet innan 1. april året etter.

I tillegg skal fylkeskommunane senda inn til departementet innan 1. april kopi av eigne retningsliner for ordninga, og opplysningar om korleis retningslinene er kunngjorde for potensielle søkerar.